



# Vestnorsk fjordlandskap

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune

Møre og Romsdal fylkeskommune



Dei sameinte nasjonane  
sin organisasjon for  
utdanning, vitskap og kultur



Vestnorsk  
fjordlandskap

Geiranger / Aurland 06.12.2018

## SØKNAD: PROSJEKT FELLESGODEFINANSIERING

*Vestnorsk fjordlandskap representert ved Geirangerfjorden- og Nærøyfjorden med omland vart i 2005 innskrevet på UNESCO si liste over verdas natur- og kulturarv. Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap har som si fremste oppgåve å arbeide for å ivareta og fremje verdsarvstatusen tildelt Geirangerfjord- og Nærøyfjordområdet i fellesskap.*

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap og reisemålselskapa Visit Sognefjord og Geiranger Utvikling søker med dette fylkeskommunane i Sogn og Fjordane, Hordaland og Møre og Romsdal om støtte til å greie ut ein modell for å finansiere fellesgode i verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap med omland, som nasjonalt pilotområde. Visit Sognefjord støtter opp under dette og vil prøve å utvide ordninga til å gjelde heile Sogn. Modellen skal skissere kva verkty og mogelegheitsrom kommunane og forvaltninga har for å realisere ei finansiering av fellesgode.

**Samarbeidspartnarane søker om kr. 80.000 i støtte frå kvar av dei 3 fylkeskommunane som er vertskap for verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap, totalt kr. 240.000. Fylkeskommunane vert invitert inn i styringsgruppa med 2 representantar (1 repr. for Vestland og 1 repr. for Møre og Romsdal). I tillegg vil fylkeskommunane kunne følgje prosjektet tett også gjennom sin faste representasjon i Verdsarvrådet. I Vestlandsrådet sin cruisestrategi for Vestlandet står det at ein skal: «Arbeide for at ei nasjonal ordning med ei fellesgodefinansiering frå heile reiselivsnæringa, inkludert cruise, vert greidd ut». Verdsarvfjordane søker med dette om støtte til utvikling og uttesting av ein modell for fellesgodefinansiering, som modell for Vestlandet og landet.**

### Bakgrunn for ein søknad om fellesgodefinansiering

I Stortingsmelding 35 (2012-13) og 19 (2016-17) heiter det at «Norske verdsarvområde skal utviklast som fyrstårn for den beste natur- og kulturminneforvaltninga». Vestnorsk fjordlandskap er eitt av berre omlag 200 andre naturområde på heile kloden som UNESCO har klassifisert som verdsarv fordi området representerer eit unikt natur- og kulturhistorisk miljø som fortel noko om jorda og menneska sitt opphav og bakgrunn. 14. november 2017 vart Norge valt inn som medlem av UNESCO



## Vestnorsk fjordlandskap




Dei sameinte nasjonane  
sin organisasjon for  
utdanning, vitskap og kultur



Vestnorsk  
fjordlandskap

sin prestisjetunge verdsarvkomité. Det kviler og av den grunn eit ekstra stort ansvar for Norge å vise veg i god forvaltning av sine verdsarvområde dei neste åra. Alt dette fordrar at verdsarvfjordane må vere heilt i førarsetet på den beste forvaltninga i landet.

Blant mange fårar som kan truget verdsarvstatusen, er masseturismen ein av dei mest utfordrande. Turismen representerer samtidig eit verdiskapingspotensiale, fordi verdsarven er ei sterk internasjonal merkevare. Forvaltingstyresmaktene, verdsarvorganisasjonane og reisemålselskapa arbeider kontinuerleg med å finne den rette balansen mellom vern og verdiskaping. Turismen til Vestlandet aukar, og med den aukar og utfordringane knytt til uløyste fellesgode. Dette igjen skapar utfordringar både for forvaltninga, reiselivsnæringa, den besøkande, lokalbefolkninga og i neste rekke svekkjer den vårt omdøme som eit reint og attraktivt reisemål. Verdas turismeorganisasjon (UNWTO) har spådd ein global vekst i turisme på 60 % fram til 2030. Dersom Geiranger og Flåm held sin marknadsandel betyr dette 600 000 fleire turistar til Geiranger og 700 000 fleire turistar til Flåm fram mot år 2030.



Kjelde: UNWTO Tourism Towards 2030, anno 2015

Fleire kommunar og aktørar innanfor reisemål som t.d. Lofoten, Tromsø og Narvik har teke til orde for etablering av eit reisemålsbidrag, og nokre område er komne lengre enn andre. Erfaringsutveksling med desse områda vert viktig i tida framover. Særs mange land og stadar/byar har ordningar for reisemålsbidrag, det same gjeld for andre verdsarvområde rundt om kring i verda. Visit Sognefjord har allereie gjort ei kartlegging på dette feltet.

Særskild på stader med forholdsvis store volum av besøkande pressar utfordringane seg fram i form av manglande infrastruktur, toalett, parkeringsplassar, vertskapstenester/formidling, tilrettelegging, skilting, skjøtsel og pleie av kulturlandskap. Resultata vert ofte synlege som slitasje, søppel, luftforureining, attgroing, ulykker i samband med ferdsel i naturen, køar, opphoping av trafikk og folk, klager og dårlege tilbakemeldingar frå besøkande, grunneigarar og lokalbefolkning. Utfordringane vert særs synlege i små kommunar, som per i dag ikkje er rigga for å møte dei

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap v/sekretariat Geirangerfjorden, Norsk Fjordsenter, Gjørvahaugen 35, 6216 Geiranger, [katrin@verdsarvfjord.no](mailto:katrin@verdsarvfjord.no)



## Vestnorsk fjordlandskap



Dei sameinte nasjonane  
sin organisasjon for  
utdanning, vitskap og kultur



Vestnorsk  
fjordlandskap

investeringane som er naudsynte som følgje av ei kraftig auke i talet på besøkande. Tenestene som kommunane yter til samfunnet er prisa ut i frå innbyggjartalet og ikkje etter talet på besøkande. Det at bygdesamfunn veks frå små samfunn med om lag 200 innbyggjarar til å verte vertskap for om lag 1 million besøkande på hektiske sommarmånadar, skapar store utfordringar for leveransar av fellesgode.

I valet mellom sjukeheims plassar, skule og oppvekst vert prioriteringar knytt til fellesgode for reiselivet og besøkande altfor ofte nedprioritert. Fleire av verdsarv kommunane er små vertskapskommunar med eit stort, nasjonalt og internasjonalt forvaltningsansvar. Dei treng difor nye verktøy for å møte denne utfordringa.

Utalle rapportar, initiativ og planar peikar på at innføring av fellesgodefinansiering er naudsynt. Fylkeskommunane på Vestlandet sin eigen cruisestrategi peikar på at finansiering av fellesgode bør utgreiast nærare også med omsyn på ei avgift for cruiseturistar. Men og nasjonale initiativ som Vegkartet for berekraftig reiseliv og Grøn konkurransekraft gir forankring for ei slik utgreiing og uttesting. Reiselivsnæringa er tilsvarende djupt involvert i problematikken kring manglande fellesgodefinansiering i verdsarvfjordane. Fleire profilerte reiselivsbedrifter har også teke til ordet for at finansiering av fellesgode må finne si løysing. Eit eksempel er vertskapet ved Hotel Union i Geiranger, som sommaren 2018 tok til orde for å få på plass ei omvendt parkerings-/bompengeavgift for Geiranger. Denne ordninga vart mellom anna trekt fram av regjeringa sitt samarbeidsråd for kultur- og reiseliv. Både Visit Sognefjord og Geiranger Utvikling har starta opp eit viktig masterplan arbeid, der fellesgodefinansiering er klare strategiske føringar hos begge.

Det er og viktig å minne om Sjøfartsdirektoratet sitt arbeid for innstraming av regelverket for skipsfarten i verdsarvfjordane som trer i kraft frå 01.01.2019 fram mot 2025. I tillegg har Stortinget vedtatt eit krav om nullutslepp i verdsarvfjordane frå 2026 (St. vedtak nr. 672). Krava er svært viktige for å redusere, og på sikt eliminere, luftforureininga frå skipsfarten i verdsarvfjordane. Men dei skjerpde reguleringskrava vil truleg medføre nye utfordringar for grøn infrastruktur og tilrettelegging for fellesskapet både innanfor og utanfor verdsarvområda.

### Viktige suksessfaktorar

Samarbeidspartnarane er samde om at det er viktig å skape eit positivt lada reisemålsbidrag. Vi må tydeleg kommunisere kva kommunane, lokalt næringsliv og lokalsamfunna får att ved å innføre eit reisemålsbidrag/ei avgift på turisten sitt besøk på reisemålet. Samstundes som det må vere tydeleg også for turisten at reisemålet vert betydeleg oppgradert i åra som kjem. Det er viktig å skåne lokalbefolkninga for ei ny avgift, det er turisten/den besøkande som er målgruppa for bidraget. Midlane må styrast inn til lokale/regionale fond, med eigne fondsstyre. Dette er heilt avgjerande for å sikre at midlane ikkje vert kanalisert til andre offentlege oppgåver. Bruken av midlane må styrast etter klare vedtekter. Vi har fleire døme på at slike fond fungerer svært godt, som fondet på Svalbard og NOX – fondet. Pilotar krev uttesting på ulike reisemål/kommunar (innhald og geografi) for å kartlegge ulikheiter i modellane. NHO reiseliv, Virke reiseliv, NFD, KLD og representantar frå næringa (særskilt overnatting og transport) må koplast tett på arbeidet p.g.a. at det er her motstanden og



# Vestnorsk fjordlandskap



Dei sameinte nasjonane  
sin organisasjon for  
utdanning, vitskap og kultur



Vestnorsk  
fjordlandskap

eventuell løysing ligg nærast. Målet for næringa må vere auka konkurransekraft og kvalitet, målet for lokalsamfunna må vere betre forvaltning av fellesgodene og auka livskvalitet.

Ei løysing for fellesgodefinansiering må ikkje redusere statlege og kommunale tilskot til Verdsarvområda, fellesgode og infrastruktur. Dette er ein sentral risiko i arbeidet. I dette ligg argumentet om at kommunane og staten ikkje nyttar handlingsrommet sitt for tilstrekkeleg bruk av skatter og avgifter til fellesgodeforvaltning. Vi må sikre at ikkje anna offentleg finansiering fell bort. Det er difor heilt sentralt å definere klart kvifor vi treng eit reisemålsbidrag, og kva desse midlane skal nyttast til. Modellen må kunne romme fleire moglege verktøy, som forvaltninga kan plukke frå. På den måten får vi testa fleire verktøy ut frå same modell og føremål.

Vi stadfester følgjande viktige suksessfaktorar for dette arbeidet:

- 1) Sikre innspel og forankring frå viktige miljø/aktørar
- 2) Realitetsorientere modellen ift. moglegheiter og utfordringar i lovverket
- 3) Framdrift og tyngde i arbeidet

Reisemålsbidraget skal saman med eksisterande offentlege ordningar støtte opp under følgjande motto: «Ein god stad å bu, er ein god stad å besøke»

## Organisering

Prosjektet følgjer Innovasjon Norge sin PLP struktur med følgjande organisering:

Funksjon	Deltakarar	Kommentar
PA	Verdsarvrådet med verdsarvstiftingane som utøvande juridiske einingar og Visit Sognefjord	Prosjektansvarlege og utøvande juridiske einingar. Vetorett.
SG	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Leiarskap og sekretariat: Arne Sandnes, Hans Erik Ringkjøb, Katrin Blomvik, Erling Oppheim</li> <li>- Visit Sognefjord: Ståle Brandshaug</li> <li>- Geiranger Utvikling (tidl. Destinasjon Geirangerfjord): Ove Skylstad</li> <li>- Sogn Regionråd: Harald Offerdal</li> <li>- Næringsliv: 1 – 2 stk</li> <li>- Arild Molstad</li> <li>- Representantar frå fylkeskommunane, 1 frå nord (M&amp;R) og 1 frå sør (Vestland): Må utnemnast. Jan Heggheim?</li> <li>- Aurland kommune: Inge Håvard Aarskog</li> <li>- Stranda kommune: Ordførar Jan Ove Tryggestad</li> </ul>	Styringsgruppe, VAR
PL	Ståle Brandshaug	Prosjektleder



# Vestnorsk fjordlandskap



Dei sameinte nasjonane  
sin organisasjon for  
utdanning, vitskap og kultur



Vestnorsk  
fjordlandskap

RG1 utvida	Visit Voss, Visit Nordfjord, DÅS	Utvida referansegruppe med utvalde aktørar for tett dialog
RG2 intern	Flåm AS, Medlemsgruppene i Visit Sognefjord og Geiranger Utvikling (hotell, hytte/camping, aktivitetar/attraksjonar, transport), Nasjonalparkane og verneområda, Sogn regionråd, eigne rundar med verdsarvkommunane	Viktige interne kontaktpunkt for innspel og forankring
RG3 ekstern	Visit Tromsø, Visit Vestrålen/Lofoten, Virke reiseliv, NHO reiseliv, NFD, Fjord Norge, Nordnorsk Reiseliv, Norsk reiseliv, Statens vegvesen, Nasjonal Turistveg	Viktige eksterne kontaktpunkt for innspel og forankring
Behov for ekstern kompetanse	Eit konsulentmiljø med tyngde bør få oppgåva med å greie ut modell. Advokat med kompetanse ift. økonomi/avgifter og endringar av jus og lovverk vert kopla på.	

## Framdriftsplan

Prosjektet har definert 5 viktige fasar; utvikling/kartlegging, innspelsrundar, forankring, implementering og ein evalueringsfase:

Fasar	Tid	Oppgåver
FASE 1: Utgreiing	Januar - mars	Kartlegge og vurdere juridisk mogelegheitsområde, mogelege modellar og framdrift for implementering av pilot for fellesgodefinansiering.
FASE 2: Innspelsrundar	Mars - september	Innspels- og diskusjonsrunde med PA/SG og RG-ane om modell og mogelegheiter.
FASE 3: Vedta modell	September – oktober	Utforme og vedta modell. Iverksetje tiltak for søknad om pilot. Forankring.
FASE 4: Implementering	Januar – mai 2020	Implementering av modellen.
FASE 5: Testing / evaluering	2020 – 2025	Testing, evaluering og vidareutvikling av modellen.

Samarbeidspartnarane søker med dette om finansiering til gjennomføring av fase 1-3.



## Budsjett og finansieringsplan

Prosjekt Fellesgodefinansiering VF17 - 18, budsjett 2019

Budsjettpost	Sum	Kommentar
Oppdrag konsultentselskap, inkl. juridiske avklaringar frå advokat	450 000	Øvre ramme
Møtekostnadar, reise, andre kostn.	50 000	Styringsgruppa, som ikkje får deka eiga reise/deltaking møte
<b>SUM BUDSJETT</b>	<b>500 000</b>	

Finansiering	Sum	Kommentar
Verdsarvrådet	110 000	Verdsarvrådet/verdsarvstiftingane
Fylkeskommunane	240 000	Sogn og Fjordane, Hordaland, Møre og Romsdal
Kommunane/regionråda	100 000	
Reisemålselskapa	50 000	Visit Sognefjord og Geiranger Utvikling
<b>SUM FINANSIERING</b>	<b>500 000</b>	

Med vennleg helsing

Arne Sandnes  
Leiar  
Verdsarvrådet

Hans Erik Ringkjøb  
Nestleiar  
Verdsarvrådet

Katrin Blomvik  
Sekretariat VAR  
Geirangerfjorden Verdsarv

Erling Oppheim  
Sekretariat Nærøyfjorden  
Nærøyfjorden Verdsarvpark

Ståle Brandshaug  
Reiselivssjef  
Visit Sognefjord

Ove Skylstad  
Dagleg leiar  
Geiranger Utvikling